



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/321-2

22.02.2017

### **Godkjenning av Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet fekk Regional planstrategi for Hordaland til sentral handsaming 6. januar 2017. Planstrategien er vedteken i fylkestinget 13. og 14. desember 2016. Den er utarbeidd etter føresegnene i plan- og bygningslova.

Departementet tek til vitande at den regionale planstrategien legg dei regionale utfordringane til grunn for prioriteringar av regionale planar. Desse må og leggst til grunn for medverknad og oppfølging frå dei regionale statsetatane. Planstrategien byggjer også på dei nasjonale forventningane til den kommunale og regionale planlegginga. Departementet har ingen merknader til planstrategien.

Det er viktig at staten sine regionale etatar deltek aktivt i regionale planprosessar. Departementet vil framheve verdien av at fylkesmannen kjem tidleg inn når dei ulike planprosessane startar opp, for å hjelpe i vurderinga av kva statlege etatar som må trekkjast inn.

Planstrategien tek ikkje stilling til økonomiske prioriteringar, nye føringar eller forventningar til oppgåveløysing i fylkeskommunane meir enn det som er pålagt i lov og forskrift. Den tek heller ikkje stilling til konkrete planspørsmål eller målkonflikhtar. Slike spørsmål inngår i arbeidet med dei regionale planane. Godkjenning av regionale planstrategiar omfattar ikkje konkret ressursbruk, prioritering og løyving av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane.

## Vedtak

*I medhald av plan- og bygningslova § 7-2, ved delegert fullmakt gitt i kongelige resolusjonar 24. mai og 13. desember 2013, godkjenner Kommunalt- og moderniseringsdepartementet Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020, vedteken av fylkestinget 13.-14. desember 2016.*

Med helsing

Jarle Jensen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Erik Vieth Pedersen  
avdelingsdirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*